

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 17.10.2006 **Tid:** 15.00-18.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Av medlemmer møtte 7 , inkl.2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Vidar Rolland
Audhild Olsnes

I staden møtte:

Eva Hellevang
Helga Nygård

Andre som var tilstade på møtet: Pedagogisk konsulent under Kunnskapsløftet og ass.adm.sjef under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 23. oktober 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Utvalet var gjort kjent med at møtet ikkje var blitt kunngjort i Samningen. Sidan dette ikkje får konsekvens for sakliste eller vedtaka i møtet vart innkalling og sakliste godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER: Helga Nygård ønska å melde tilbake til kommunen at elevar ved nokon høve hadde måtte stå på skulebussen til Totland. Administrasjonen gjev melding til rektorane om dette for evt. sjekke ut om det er grunnlag for å følgje dette opp vidare med klage til fylkeskommunen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**1. Kunnskapsløftet**

Ass.adm.sjef og pedagogisk konsulent orienterte utvalet om kva som er gjennomført i skulane i Samnanger i samband med innføring av kunnskapsløftet. Utvalet ønskjer å verte meir kjent med korleis kunnskapsløftet vert praktisert ut i skulen. Administrasjonen legg til rette at utvalet får ein skuledag i lag med elevane og oppleving i det digitale klasserommet (helst før jul).

2. Samnanger 100 år - Jubileumsfest

Jubileumskomiteen har hatt eit møte og ønskjer å få til ei fellesmarkering i helga rundt den 17 juni. Det er tenkt ein jubileumsgudsteneste, folkevandring på kultursti/prestaveg. Det er ønskje å samarbeide med skular , lag og organisasjonar. Komiteen melder frå at dei treng eit budsjett på meir enn 30.000 og kjem tilbake til eit meir detaljert program og budsjett til møtet den 28 november.

3. Ballbinge

Grendalaget på Lønnebakken skal no sende byggesøknad til kommunen på plasseringa av ballbingen. Med søknaden skal det følgje nabovarsel som skal handsamast etter PBL. Evt. støyproblem og klagar vil verte vurdert då. To av eigarane på naboeigedomane til leikeplass/ballbingetomta har allereie vent seg til kommunen og klaga støyproblemetikk som kan oppstå med ballbinge, og viser til forskrift frå miljødepartementet.

4. Status Stolpane skulehus

Det er jobba dugnad med å få opp den nye pipa og leggje nytt golv i gangen. Pipa og den nyoppussa ovnen er testa og det virker. Nordvikstiftinga har gjeve ei stor omnshelle i gåve , og kjøkkenet er under planlegging.

5. Nye Gjerde barnehage

Den 24. oktober vert byggjekomiteen kalla inn til sitt første møte. Dei skal på synfaring i ulike nye barnhagar i Bergen kommune. I komiteen er Geir Markhus, Bjarte Hisdal, Bjarne Sverresvold, Anne Fredriksen og Hilde-Lill Våge. Målet med synfaringa er å sjå på ulike byggjeløysingar som ein kan ta med seg i planlegginga til nye Gjerde barnehage. Kommunen

ønskjer å bruke ferdigbygg. Det er fleire ulike tilbydarar i marknaden og etter synfaringa vil komiteen skal ta stilling til kven som er aktuell å sende anbod til.

6. Ættesoga

Kvale har skrive omlag 300 sider og fått inn over 200 korrigeringar og rettingar. Måndag 16. oktober sat Kvale på biblioteket og 27 engasjerte personar møtte han der med informasjon om slekt. Målet er å få ættesoga ferdig til jul 2007.

7. Bassenget

Bassenget er ikkje opna for offentleg bading endå. Det er oppdaga ein reklamasjonsfeil på bassengduken og kommunen venter svar i denne veka om kor omfattande dette er. I verste fall vil ein måtte stenge for ein periode. Kommunen vil gå ut med informasjon i Samningen så snart ein er kjent med utfallet.

8. PPT

Samnanger har avtale med Os kommune om kjøp av PP-Tenester etter Opplæringslova. Som ein overgangsordning har Samnanger no avtale med Vaksdal om kjøp av tenester for elevar som er meldt opp. Akutte nye tilfeller vert meldt opp til PPT i Os og desse skal gå gjennom rektor. Det er viktig å peike på at PP-tenesta sine oppgåver er heimla i opplæringslova. Elevar med behov for tenester i av helse- eller psykiatrisk art skal ta kontakt med helsesøster/kommunelege/psykiatrisk sjukepleiar som førsteinstans.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0012/06	06/00234	NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA. UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE

0012/06

**NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA.
UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE**

Framlegg til vedtak::

###

Handsaming i møte:

Nils Gåsdal sette fram følgjande framlegg:” Kommunen meiner at dagens statskyrkjeordning best sikrar at den Norske Kyrkja er der for alle som ønskjer det og er den ordninga som best sikrar ein tilstrekkeleg låg terskel til at alle kan kjenna seg heime i kyrkja uansett kor stort dei engasjerar seg. Eventuelle tilpassingar kan og gjerast innan dagens ordning.”

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune stør fleirtalet på 14 i stat og kyrkjeutvalet som rår til eit skilje mellom stat og kyrkje forankra i ei rammelov.”

Det vart røysta alternativt mellom framlegg. Gåsdal sitt framlegg fekk 3 røyster.
Aasgaard sitt framlegg vekk 4 røyster og vart vedteke om tilråding til kommunestyret.

Vedtak:

Samnanger kommune stør fleirtalet på 14 i stat og kyrkjeutvalet som rår til eit skilje mellom stat og kyrkje forankra i ei rammelov.